

# SUNNHORDLAND MARATON LAURDAG 5. MAI 2018

## STARTTIDER:

Maraton kl 09:30

Barneløp kl 10:30

Halvmaraton kl 11:00

10 km kl 11:15

## LØYPE

Alle løp startar i Leirvik sentrum, og nordover med runde rundt Ådlandsvatnet, tilbake til sentrum og vidare sørover med runde rundt Landåsen, Skipåsen og tilbake til sentrum. Sjå løypekart.

10 km startar lengst nede i Borggata og har to korte rundar i sentrum før ein spring nordover mot Ådlandsvatnet. Målgang når ein er tilbake i sentrum.

Halvmaraton startar litt lengre oppe i Borggata, ved Reisebyrået/Smio. Så spring ein nordover ein runde rundt Ådlandsvatnet, tilbake til sentrum og ein runde sørover Landåsen/Skipåsen og tilbake til mål i sentrum.

Maraton startar øverst i Borggata og ein spring to fulle rundar.

Rundt Ådlandsvatnet og i Landåsen/Skipåsen går løypa på turveggar med grus. Resten av løypa er asfalt. Ca 2/3 av løypa er på grus.

## STEMNEKONTOR:

Stemnekontoret ligg i Borggata i målområdet. Opningstider fredag 18 - 21, laurdag frå kl 08:00.

På stemnekontoret:

- utdeling av startnummer fredag kveld og laurdag fram til 1 time før start
- innlevering/oppbevaring av verdisaker
- utdeling av gratis T-skjorter til dei 250 først påmeldte deltakarane
- salg av T-skjorter kr 150 pr stk

## DRIKKESTASJONAR

Det blir 3 drikkestasjonar, ein i sentrum ved start/mål, ein på Vatna og ein i Landåsen. Drikkestasjonane er plassert slik at det aldri er meir enn 5 km mellom dei. På drikkestasjonane blir det servert vatn (blanke beger), sportsdrikk (farga beger) og bananer.

## START, MÅL OG AKTIVITETAR I SENTRUM

Start og mål for alle distansar er i sentrum i Borggata, sjå kart over sentrum.

## **TOALETT**

Det blir sett ut mobile toalett i Smio like ved start halvmaraton og maraton.

Dessuten kan toalett på Grand Hotell nyttast, inngang på baksida. Toalett plassering er vist på kart over sentrum.

## **PARKERING OG GARDEROBAR**

Deltakarar og publikum blir oppfordra til å parkere på Vabakken eller ved Yrkesskulen. Garderobar i Nyehallen på Vikahaugane kan benyttast. Sjå kart over parkering og garderobar.

## **BARNELØPET**

Det er ikkje førehandspåmelding til barneløpet. Oppmøte på Torget mellom kl 09 og 10 for utdeling av startnummer. Oppvarming på Torget 10:00 - 10:15. Barna blir så følgd bort til start ved Kringlo, start kl 10:30. Barna spring ein runde ned Borggata, bort Natrutekaiaen og opp Nordre Kaisving. Mål øverst i Nordre Kaisving.

Alle deltakarar får medalje.

## **PREMIERING**

Alle deltakarar får medalje rett etter målpassering.

Premie (pokal) til dei 3 beste damer og herrer alle løp. Utdeling i målområdet når alle premievinnarar er i mål.

I tillegg er det ein del gavepremiar som blir trekt på startnummer.